



**Verneområdestyret  
for Geiranger-Herdalen**

Arkivsaksnr: 2020/3043-0

Saksbehandlar: Ingvild Hansen Nystad

Dato: 19.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen		

**Dispensasjon for filming med drone under motbakkeløp 1851 i  
Geiranger-Herdalen landskapsvernområde**

**Forvaltar si tilråding**

Arrangør av 1851 OppNed får dispensasjon for å å nytte drone til filming i traseen til motbakkeløpet den 17.juli 2021.

Løyvet blir gitt på vilkår:

- Filminga skal kun gå føre seg under løpet.
- Filminga må ta særleg omsyn til fugl og vilt, og ta sikte på å halde god avstand til potensielle hekkelokalitatar.
- Dronen må setjast på bakken så snart det skulle oppstå tvil om forstyrring av desse.
- Filmen bør opplyse om at dronebruken er utført med dispensasjon frå Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Dispensasjonen fritek ikkje søkjar å følgje anna aktuelt regelverk som gjeld droneflyging.

Dette vedtaket er fatta med heimel i Naturmangfoldlova §48, og er vurdert i forhold til verneforskrift §3,6.2 og 4.1, og Naturmangfoldlova §§8-12.

**Klage:** Vedtaket kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse, jf Forvaltingslova §28. Frist for klage er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Skjema for klage: [www.fylkesmannen.no/FvKlageMR](http://www.fylkesmannen.no/FvKlageMR).

**Søknaden**

Ole Magnus Melchior søker på vegne av Motbakkeløpet 1851 og Norddal Idrettslag om løyve til å filme arrangementet 1851 også i år. For femte året på rad blir løpet 1851 OppNed arrangert i bygda, den 17. juli 2021.

Arrangementet i fjor fekk også løyve til dronefilming, og arrangøren er svært nøgd med formidlingsverdien. Melchior viser til løype-/ og deltakarrekord i fjor, men også til ringvirkingane for bygda og området.

«Løypetraseen mellom Rellingsetra og Torvløysa går i verna område og vi søker med dette om tillatelse til å filme arrangementet med drone.

Området i og rundt Norddal, Dyrdalen, Rellingsetra, Innsetsetra, Daurmålsfjellet og Torvløysa er fantastisk og gjer seg utruleg bra filma frå lufta.  
Økt digitalisering og bruk av film, bilder og sosiale medier gjer at vi ønsker å gjennomføre dette for å holde arrangementet attraktivt», står det i søknaden.

### Naturmangfoldlova og verneforskrifta

Søknaden vurderast etter:

1. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernombord (FOR 2004-10-08)
2. Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden– Geiranger-Herdalen landskapsvernombord (Rapport nr 2008:04)
3. Naturmangfoldloven (LOV 2009-06-19)

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernombord er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

### Vurdering av saka

Verneforskrifta §3, pkt 6.2 har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i verneområdet. Denne lova omfattar også dronar. Unntaksregel for denne typen tiltak finst ikkje, og ein søknad om dispensasjon krev då handsaming etter Naturmangfoldlova §48. Denne lova set svært strenge krav når ein dispensasjon eventuelt skal givast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vere oppfylt.

Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Dispensasjonsregelen i §48 kan ikkje brukast for å utvide rammene i vernevedtaket, men skal blant anna kunne fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurderte på vernetidspunktet.

Forvaltningsplanen frå 2008 har heller ikkje føringar for bruk av dronar, som representerte ein lite kjent teknologi då planen vart laga.

Dette er ein relativt ny sakstype i vernesamanhang, men har ein del liknande søknader frå verneområde og nasjonalparkar. Fleire av desse har fått dispensasjon med visse avgrensingar av område og tidsrom. Føremåla som har fått dispensasjon gjeld stort sett dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming. Det har også vore gitt avslag i tilfelle som kan forstyrre villrein og rovfugl i sårbare område, både ved flyging og auka tilstrøyming pga marknadsføring.

Vi må ta høgde for at denne typen farkost kan gjere skade på nært hald. Særleg sårbare er hekke- og yngletida, som sannsynleg er i sluttfasen når denne filminga er meint å pågå.

Kjem ein likevel i nærkontakt med sensitive fuglar og dyr, må kamera trekkast tilbake og setjast på bakken med ein gong. Vi registrerer at arrangementet har vorte flytta frå august til juli dei siste åra, noko som kan vere uheldig med tanke på ev sårbare fugleforekomstar. Særleg varsam skal ein vere i vernesona- i strekninga frå Daurmålsfjellet til Torvløysa.

«I vernesona skal naturvernomsyn vere overordna andre interesser, og naturen sine eigne prosessar skal gå mest muleg upåverka føre seg» (Forvaltningsplanen 3.1.1).

Jamfør Artsdatabanken er registreringar av særskilt sårbare hekkelokalitetar i ytterkant av omsøkt område.

Omsøkt område inneheldt også leveområde for rein jf Gislink, men utan forventa aktivitet her på dette tidspunktet.

Aktiviteten som blir marknadsført blir så langt ikkje rekna å auke uønska ferdsel. Arrangør har allereie fått restriksjonar på tilretteleggingar for løpet, slik at det foregår «sporlaust» i forhold til merking og avfall.

Omsøkt tiltak gjeld eit svært avgrensa tidsrom og lokalitet, og vil med innfridde vilkår ikkje virke nemneverdig inn på verneinteressene i området.

Eigar av arrangementet er ein ideell organisasjon, og marknadsføringa skal tene både lokalsamfunnet og verdsarvsområdet, blir det framheva i søknaden. For verneformåla sin del, er det positivt at løpet kan arrangerast utan inngrep som motorferdsel og tilretteleggingar i verneområdet, og kan utgjere eit godt døme på sporlaus ferdsel i så måte. Dersom det blir mangfaldiggjort film med dronebilde også i 2021, ønskjer vi at dispensasjonen frå Geiranger-Herdalen landskapsvernombord blir kunngjort i «rulleteksten». Dette kan bidra til å auke medvitet om restriksjonane for dronebruk og aktsemda for naturverdiar i området.

Sjølve arrangementet har tidlegare fått løyve frå verneområdestyret til denne forma for «organisert ferdsel» i fem år i første omgang, det vil seie ut 2021. Det er positivt at søker er medviten om varsemd innanfor vernegrensene. Det vil vere naturleg å sjå nærmere på utvikling av tidspunkt og mengde deltakarar ved eventuell ny søknad for arrangementet frå 2022.

### **Vurdering i forhold til Naturmangfoldlova §§8-12**

Søknaden skal vurderast etter NML §§8-12.

#### **Kunnskapsgrunnlaget (§8)**

Vi veit at løpet vil foregå innanfor den mest restriktive sona av landskapsvernombordet, og at sensitive fugleartar kan foreCOME i ytterkant av nedslagsfeltet for løpet. Samtidig er hekketida i stor grad over på dette tidspunktet.

#### **Føre-var-prinsippet (§9)**

Det er viktig å unngå nærføring til rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. . For å unngå forstyrring av reir og hekkelokalitetar, bør drone nyttast i god avstand til fjellsider og andre aktuelle lokasjonar. Ved nærfilming bør dronen konsentrere seg om traseen i landskapsvernombordet.

Ut frå kunnskap om dronen sin påverknad på fugle- og dyreliv må dronen setjast ned med ein gong det skulle dukke opp rovfugl eller vilt.

#### **Samla belastning (§10).**

Filminga blir konsentrert gjennom den avgrensa lokasjonen og tida for filming.

Løyvet må ikkje reknast som eit vedtak som lett kan gjentakast. Dronefilming kan fort bli ei større påkjenning for vernet, med fleire førarar og utvida bruk av teknikken, så tanken om presedens er her svært viktig å ta høgde for.

#### **Kostnader ved eventuell miljøforringing (§11)**

er ikkje aktuelt i dette tilfellet.

#### **Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder (§12)**

Samanlikna med eventuell helikopter-filming, kan drone reknast som eit meir miljøvenleg alternativ i enkelte tilfelle. På same tid kan du kome i nærbane med fugle/dyre /friluftsliv på ein måte som kan virke uheldig. Med dei vilkåra som er sette i forhold til løyvet, meiner vi å kunne forsvare dispensasjon i dette tilfellet.

### **Konklusjon**

Ut frå ei samla vurdering kan søker få dispensasjon frå verneføresegna i dette tilfellet. Løyvet må givast med vilkår. Vi vil fokusere på føre-var-prinsippet, der vilkår er å flyge varsamt, og lande dronen så snart ein observerer sensitiv fauna. Denne enkeltaksjonen blir ikkje rekna som presedensgivande for generell droneaktivitet i området, og heller ikkje for komande arrangement.

Dette løyvet omhandlar berre dispensasjon frå verneforskrifta, og fritek ikkje søker frå å innfri anna aktuelt regelverk som gjeld droneflyging.